

Kultur- og kyrkjedepartementet  
P.b 8030 Dep.

0030 Oslo

Vår ref.  
002866/07/OAK

Dykkar ref

Saksnr.  
07/00312

Arkivkode  
C60

Dato  
30.04.2007

Melding om vedtak frå møtet i Kommunestyret den 26.04.2007.

Saknr: **25/07**

Sakstittel: **MELDING OM POLITISK VEDTAK - BIBLIOTEKREFORM 2014 -  
HØYRING**

Vedtak samrøystes:

Haram kommune sluttar seg til vedlagt fråsegn dgs. 12.04.2007 i tilknytning til forslag til bibliotekreform 2014.

Skulle noko vere uklart, eller De ønskjer ytterlegare opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

  
Odd Arne Kvangardsnes  
einingsleiar

Vedlegg:

1. Fråsegn dgs. 12.04.2007

Kopi til:



**HARAM FOLKEBIBLIOTEK**  
**POSTBOKS 110**  
**N-6282 BRATTVÅG**  
**Tlf. 70 21 44 63 Fax 70 21 44 64**  
[bib@haram.folkebibl.no](mailto:bib@haram.folkebibl.no)  
<http://www.haram.folkebibl.no>



HARAM KOMMUNE	
Arssjant 07/00312-2	Løpnr 002325/07
12 APR. 2007	
Arkivkode P	C60
Arkivkode S	
Avdeling	Haram
Klassifikasjon	09R
	Grøpning

**Haram kommune**

## **BIBLIOTEKREFORM 2014 – HØYRING**

Biblioteket sender med dette følgjande forslag til høyringsuttale:

Haram kommune takkar for høyringsbrevet til "Bibliotekreform 2014" frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

### **Generelle kommentarar**

Folkebiblioteket er ein del av kommunen sitt arbeid for å skape trivsel og livskvalitet i lokalsamfunnet og bidrar til å tiltrekke og sikre arbeidskraft.

Tenesta vert brukt av ein stor del av innbuarane som kjelde til kunnskap og kulturoppleving og som uformell møteplass. Samtidig bidrar biblioteket til kommunen sitt verdigrunnlag gjennom demokrati, ytringsfridom og likeverd.

Utgreiinga legg opp til ei styrking av desse kriteria i perioden 2008-2014 gjennom hovudmåla som skissert, samt visjonen om å bringe standarden i norske folkebibliotek opp til eit nivå som tilsvarar dei andre nordiske landa.

Det er nødvendig at staten gjer dei investeringane som er førespegla dersom det skal lukkast å ta inn etterslepet som daterer seg frå 1980-åra. For at dette skal skje, bør reforma fremjast som Stortingsmelding så snart som råd, med ei politisk oppfølging.

### **Kommentarar til nokre forslag**

#### **1.1**

Haram kommune er samd i satsinga på Norsk Digitalt Bibliotek, men ønskjer at tilgongen skjer gjennom eit lokalt identitetsberande brukargrensesnitt.

Ein vil tilrå oppretting av ein ABM-portal etter at NDB er etablert.

#### **2.1**

Reforma legg opp til ei konsolidering av folkebibliotek ved at kvar ny eining med underliggende avdelingar har minst 6-8 tilsette : Dette for å sikre at kvar eining har nødvendig kompetansedekning. Ein meiner at samanslåing med naboar inntil ein har 6-8 tilsette ikkje er den rette framgangsmåten av følgjande årsaker:

- Ein treng ei avklaring om kva og kor mykje kompetanse ei konsolidert eining skal ha i forhold til utfordringane som ligg i reforma. Dette bør ligge føre før konsolideringsprosessen.
- Samanlikna med våre nordiske naboar, er mange kommunar i utgangspunktet til dels kraftig underbemanna. Dette må utgreiast og rettast opp ved oppstarten av konsolideringsprosessen.
- Eit framtidig konsolidert bibliotek vil framleis kunne oppleve bemanningsproblem og for lite fleksibilitet med 6-8 tilsette i forhold til utfordringar som ligg føre.
- Det vil bli administrativt krevjande for eit konsolidert bibliotek med ressursar frå 4-5 kommunar å forhalde seg til kommuneadministrasjonane, fylkesbiblioteket og eigne prioriteringar.
- Det kan vere ein ressurskrevjande prosess å bli samd med nabokommunar om konsolideringa. Forutan det økonomiske, vil det også vere vesentlege forskjellar mellom korleis by- og landkommunar ser på drifting.

Ein meiner derfor at ei konsolidering av biblioteka på fylkesnivået vil gjere prosessen ryddigare og gi ein meir fleksibel organisasjon på sikt av følgjande årsaker:

- Fylkesbiblioteket er eit administrativt ledd som allereie er på plass.
- Fylkesbiblioteket kjenner situasjonen i kommunane.
- Folkebiblioteket er eit tenesteområde med få tilsette. Derfor har fylkesbiblioteket blitt eit etablert og akseptert fagleg samlingspunkt.
- Den geografiske fagperson- og oppgåvedekninga vil variere etter kva fagfelt det gjeld. Fylkesbibliotek vil kunne dirigere fagpersondekninga og opprette/støtte samarbeidssonar over større eller mindre område på ein meir fleksibel måte enn mindre einingar vil kunne gjere.
- Behov for nye kompetanseområde vil melde seg. Ein administrasjon og leiging på fylkesnivå vil vere den mest fleksible løysinga i forhold til å prøve ut og etablere nyvinningar.
- Fylkesbiblioteket har tettare samband med sentrale aktørar innan bibliotekvesenet enn det mindre konsoliderte bibliotek vil kunne få. Desse sentrale aktørane er tildelt ei større rolle i reformperioden.

## 2.1

Ein vil tilrå endringar i Opplæringslova som sikrar skulane stillingar som skulebibliotekar. Det som hindrar samarbeidet med folkebiblioteket er ofte at det ikkje er fast personell i skulane å samarbeide med. I tillegg bør forskriftene til opplæringslova gjere tydeleg kva tenester skulebiblioteka skal utføre.



Vennleg helsing

David Beadle

Leiar

Haram folkebibliotek